



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Innmarksbeite – areal og tilstand i 17 kommunar i Oppland

NIBIO RAPPORT | VOL. 3 | NR. 31 | 2017



Kristin Daugstad

Divisjon for matproduksjon og samfunn/Kulturlandskap og biomangfold

TITTEL/TITLE

Innmarksbeite – areal og tilstand i 17 kommunar i Oppland

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Kristin Daugstad

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
28.02.2017	3/31/2017	Åpen	10436	17/01002
ISBN:	ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:	
978-82-17-01810-0	2464-1162	23	1	

OPPDRAAGSGIVER/EMPLOYER:

Fylkesmannen i Oppland

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Torgeir Onsrud

STIKKORD/KEYWORDS:

Innmarksbeite, kode 212, areal, bruk

Stikkord engelske

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Kulturlandskap og biologisk mangfold

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Naturgrunnlag og tradisjon legg til rette for at Oppland er eit grovfôr og beitefylke. Så lenge dagens dyretal held seg vil både innmarksbeite og utmarksbeite bli brukt. Nedlegging av mange gardsbruk og utviklinga mot færre og større besetningar fører til at mange små beiteareal går ut av bruk. I andre delar av Oppland er det auka press på først og fremst dyrkamarka, men også på bruken av innmarksbeite. Etter at kravet om gjødsling av innmarksbeita vart fjerna har det vore ein auke i areal innmarksbeite i Oppland. Både denne auken og andelen innmarksbeite i forhold til dyrkamark varierer frå kommune til kommune. Fleire stader er utmarksbeitet av så god kvalitet at det er lite bruk av innmarksbeite. Landbrukskontora i 17 kommunar i Oppland tilhøyrande AK-sone 5, vart spurt om bruken av innmarksbeita, omfanget av nye beite og kva erfaring dei har med godkjenninga av innmarksbeite for produksjonstilskot. Tilbakemeldingane er at godkjenninga av innmarksbeite går bra, og at den blir bedre med auka erfaring. Framgangsmåten blir diskutert på fellessamlingar og med kollegaer elles for å få praksisen mest muleg lik. Bruken av innmarksbeita er variabel, og det er særleg små beite som ligg langt frå besetninga som går ut av bruk. Mange dårlege gjerde hindrar også bruken av beita. Det er ulik praksis på om innmarksbeita blir gjødsle eller ikkje. I område der det er tradisjon for ikkje å gjødsle er det fleire beite som får RMP-tilskot for stort biologisk mangfald. Det blir brukt SMIL-middel for å rydde attgrodde beiter. Sjølv om grunneigar ikkje har plikt til å søke om å gjere om skog til beite er landbrukskontoret gjerne involvert ved oppstart. Dette gjeld i alle fall i dei kommunane der det er eit visst omfang av nye beite frå skog. Det blir ofte gjødsle og tilsadd med beitefrøblanding på nye beite, og då blir beitet raskare klassifisert som innmarksbeite. Nye beite som berre blir rydda for skog kan det ta lengre tid å få godkjent. Det blir anlagt nye beite både i gardsnære område og i tilknytning til seterområde. Skogen som blir rydda kan også vere attgrodd historisk beitemark. I enkelte kommunar er det vanleg å gjerde inn delar av utmarka for å ha betre



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

kontroll på dyra. Manglande gjerde mellom innmark og utmark gjer at beiting i bygdenær utmark mange stader er nærast umuleg.

LAND/COUNTRY: Norge
FYLKE/COUNTY: Oppland
KOMMUNE/MUNICIPALITY: Øystre Slidre
STED/LOKALITET: Heggenes

GODKJENT /APPROVED



KNUT ANDERS HOVSTAD

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER



KRISTIN DAUGSTAD

Forord

Denne rapporten er laga som oppdrag for Fylkesmannen i Oppland gjennom tilskudd frå Oppland sine middel til Fjell-landbruket.

Volbu, 28.02.17

Kristin Daugstad

Innhold

1 Innledning.....	6
2 Metode	7
3 Resultat.....	8
3.1 Innmarksbeite – definisjon	8
3.1.1 Godkjenning.....	8
3.1.2 Tilskot til innmarksbeite og beitedyr.....	8
3.2 Innmarksbeite – areal og bruk.....	9
3.2.1 Grovfôrareal.....	9
3.2.2 Dyreslag.....	10
3.2.3 Endring i areal innmarksbeite 1995-2015	12
3.2.4 Svar frå kommunane om bruken av innmarksbeita.....	15
3.3 Nye innmarksbeite	15
3.3.1 Inngjerding av utmark.....	15
3.3.2 Frå skog til beite	15
3.3.3 Gjengrodd beitemark	17
3.3.4 Biologisk mangfald og innmarksbeite	18
4 Eksempel innmarksbeite	19
LITTERATUR	Feil! Bokmerke er ikke definert.
VEDLEGG.....	24

1 Innledning

Landbruket har stor betydning for sysselsetjing og verdiskaping i Oppland. Andel sysselsett i landbruket i forhold til total sysselsetjing er betydeleg større i Oppland enn for landet sett under eitt. Ei undersøking av Lerfald m.fl. (2012) viste at mjølkeproduksjon på storfe utgjorde 60 % av den totale verdiskapinga i landbruket i fylket. Sauehaldet utgjorde opp mot 12 % og ammeku opp mot 8 % av den totale verdiskapinga.

Oppland har store beiteressursar, spesielt i utmark. I 2014 beita 71 % (78 830 dyr) av storfeet og 99 % (262 491 dyr) av småfeet i 12–14 veker, og 38 % av storfeet og 94 % av småfeet beita i utmark i minimum fem veker. Oppland er også det fylket med flest dyr på utmarksbeite, i 2014 utgjorde det 13 % av alt småfe i landet og 17 % av storfeet. Oppland har også store areal i kategorien innmarksbeite, om lag 10 % på landsbasis (www.slf.dep.no).

I Oppland som i resten av landet, blir det stadig færre gardsbruk med aktiv drift. Dei som fortsatt driv aukar gjerne dyretalet og leiger jord av dei som legg ned drifta. Dette fører til at areal som ligg for tungvint til enten for at det er for bratt, for smått eller for langt unna garden blir mindre brukt eller går ut av bruk. Større buskapar treng også større beiteområde. Det er heller ikkje alle hamnehagar og hamnellykkjer som er like funksjonelle. Dei kan vere både for små, for langt unna og ikkje minst ha for dårlege gjerde. I område med mangel på areal er det nydyrking og også rydding for å få meir gardsnært beite.

Denne rapporten tek for seg problemstillingar rundt **innmarksbeite**. Innmarksbeite følger definisjonen i kartverket AR5 (arealressurskart 1:5000). Areal av innmarksbeite har auka mykje etter at landbruksstøtta vart mindre produksjonsretta og meir retta mot areal og dyretal, og er ein stor beiteressurs som kanskje blir utnytta for dårleg. Nibio har tidlegare sett på produksjonen på innmarksbeite (Todnem og Lunnan, 2015).

Målet med dette prosjektet har vore å finne ut meir om den faktiske bruken eller «statusen» av både gamle og nye innmarksbeite. Eit viktig spørsmål har også vore om nye innmarksbeite blir lagt på egna areal som gir beite av god kvalitet.

2 Metode


Det er vald å sjå på kommunane i Valdres, Nord- og Midt Gudbrandsdalen samt Øyer og Gausdal. Dette tilsvarar 17 kommunar i Oppland som høyrer til sone 5 for areal- og kulturlandskapstilskot (AK). Figur 1 viser dei ulike AK-sonene i Norge, og figur 2 viser kommunane der landbrukskontoret fekk spørjeskjema. Skjemaet vart sendt ut sist i september 2016. Etter litt påminning var det elleve av tretten som svara, enten på e-post eller over telefon. Nokre kommunar har felles landbrukskontor.

Spørjeskjemaet var delt inn i tre tema.

- Status/bruk av innmarksbeite.
- Nye innmarksbeite.
- Godkjenning av innmarksbeite for produksjonstilskot.

Resultata frå spørjeundersøkinga er presentert under ulike tema og supplert med aktuell statistikk og litteratur.

Eksempel på ulike innmarksbeite er henta frå tidlegare og pågåande prosjektarbeid i dette området



Figur 1. Soner for areal- og kulturlandskapstilskot (AK-soner). www.landbruksdirektoratet.no



Figur 2. Kommunane i Oppland i AK-sone 5

3 Resultat

3.1 Innmarksbeite – definisjon

Eit innmarksbeite etter dagens definisjon skal ikkje kunne haustast maskinelt, dvs. ikkje vere oppdyrka. Det skal ha **minst 50 % kulturgras og beitetolande urter**. Det skal også ha eit **kulturpreg**, som kjem av langvarig beiting, slått og rydding, og vere tilgjengeleg for beitedyr. Kriteria for at eit areal er innmarksbeite følgjer systemet for klassifikasjon av markslag i kartverket AR5 (Bjørdal, 2007). I AR5 er det ikkje krav om at arealet faktisk blir beita for å bli kalla innmarksbeite. Men for at innmarksbeitet skal gje rett til arealtilskot har Landbruksdirektoratet krav til at det blir brukt av beitedyr. Fram til 2015 var det også krav om permanent gjerde mot utmark for å få tilskot, men dette kravet er no fjerna. Tidlegare (fram til 1998) var det også krav om at beitet skulle gjødslast, og vart også kalla for *gjødsla beite*. Kommunane har ansvaret for å kontrollere om arealet oppfyller krava.

3.1.1 Godkjenning

Landbrukskontora i kommunane oppgir i stor grad at godkjenninga og rådgjevinga i samband med innmarksbeite går bra, og at rettleiaren for godkjenning for produksjonstilskot fungerer (Rekdal, 2012). Fleire seier dei diskuterer fagtema både på fellesmøter og med direkte kontakt seg i mellom. Der det er større landbrukskontor som dekker fleire kommunar er det ofte enkelte ansatte som spesialiserer seg på godkjenning av areal. På mindre landbrukskontor hender det dei brukar ansatte frå nabokommunar til dette arbeidet dersom dei sjølv ikkje har kompetanse eller ressursar til det.

Viktigheita ved å gjere det likt blir poengtert av mange. Det er likevel sannsynleg at godkjenninga blir gjort noko forskjellig frå kommune til kommune. Nokon legg til dømes mest vekt på at det faktisk går dyr på beitet og legg mindre vekt på kva artar som veks der. Det er også forskjell på kor god arts-kunnskapen er. Uansett er det ved godkjenninga alltid rom for skjønn. Landbrukskontoret har stor makt ved arealkontrollen, og ingen av dei som har svara har opplevd å bli overprøvd av fylket i si vurdering. (Fylket er klageinstans dersom gardbrukaren ikkje får produksjonstilskot for eit areal).

Alle som har svara brukar hjelpemiddel som flyfoto og GPS, og iblant også meir avanserte hjelpemiddel som felt-pc med kartprogram. Dei fleste seier at det er vanskeleg å gå opp grensa på kva som er godkjent og ikkje godkjent beite. Dette kan vere i overgangen mellom innmarksbeite og skog, og i stølsområde der det er ein gradvis overgang mellom stølsvoll og utmarka. Der flyfoto viser skog er det også krevande å sette grensa, og ein må då bruke tid på å gå opp grensa i felt med GPS. Innmarksbeite med mykje innslag av berg i dagen, skog og kjerr er også krevande å berekne arealet av når ein samtidig skal ha oversikt over kor mykje av vegetasjonen som er kulturgras og beitetolande urter.

Det har vore diskutert og blir nok fortsatt diskutert om lista over godkjente kulturgras er riktig. Inntrykket er likevel at lista blir godtatt og brukt. Smyle er eit av grasa som ikkje er godkjente, men sidan det er kjent som eit bra beitegras i utmark er det ein del gardbrukarar som synes det burde vere på godkjent.

3.1.2 Tilskot til innmarksbeite og beitedyr

Landbrukstilskota vart meir produksjonsnøytrale frå og med 1990 og det vart mindre tilskot for produsert vare og meir støtte per dekar og dyr. Dette var på grunn av overproduksjon av landbruksvarer på 1980-talet og for å tilpasse seg internasjonale avtalar (WTO).

For søknadsomgangen i august 2016 var det følgjande tilskotssatsar som gjaldt for areal i sone 5.

Kode	Forklaring	Sats Kr/daa
210	Fulldyrka jord	210
211	Overflatedyrka jord	210
212	Innmarksbeite	210*0,6
213	Andre grovfôrvekster	210

For innmarksbeite er det ei øvre grense for kor stort areal ein får tilskot for, utifrå kor mange beitedyr ein har. Det er 7,5 daa per ku og 2,8 daa per sau.


I tillegg er det tilskot til dyr som er på beite i minst 12 veker og tilskot til dyr på som går på utmarksbeite i minst 5 veker. Ordninga med beitetilskot på innmark vart innført i 2006. Beitetilskotet på utmark vart innført i 1998, men var tidlegare del av areal- og kulturlandskaps-tilskotet. Både det generelle beitetilskotet og beitetilskot på utmark er i såkalla grøn boks, det samme er arealtilskotet på innmarksbeite. Grøn boks skal i følge Verdas handelsorganisasjon (WTO) innehalde landbruksstøtte som ikkje er produksjonsdrivande og som ein nasjonalt kan bestemme omfanget av.

Innmarksbeite 212 er på mange måtar eit produkt av nasjonal landbrukspolitikk og internasjonale avtalar. Historisk har det vore beitedyr over alt der det ikkje var åker eller slåtteng, uansett om det var bringebær eller gras som vaks der. At innmarksbeitet skal avgrensast etter gitte kriterier gir eit større byråkrati enn dersom landbruksstøtta kunne gå direkte til produsert kjøt og mjølk. Det kan også føre til at husdyrprodusentane held eit større areal opent enn det som er nødvendig for størrelsen på besetninga. For å halde landskapet opent og for å ta vare på ugjødsla beitemark med stort biologisk mangfald er det ein stor fordel. I tillegg betrar det økonomien i grovfôrbasert landbruk, sidan det ikkje er noko alternativ å gje meir produksjonsdrivande støtte.

3.2 Innmarksbeite – areal og bruk

3.2.1 Grovfôrareal

Det er stor kommunevis forskjell på areal grovfôr og innmarksbeite. Av Figur 3 ser me blant anna at Gausdal har desidert mest grovfôrareal, og Etnedal har minst. Det er også forskjellar kommunane i mellom kor mykje dei har av dei ulike arealklassane innan grovfôr. Lesja har minst innmarksbeite i forhold til totalt grovfôrareal, fulgt av Dovre og Vestre Slidre. I andre enden har Skjåk og Vågå mest innmarksbeite i forhold til totalt grovfôrareal.




Figur 3: Grovfôrarealet, fordelt på fire arealklassar, for 17 kommunar i Oppland. Tal frå søknadar om produksjonstilskot 31.07.2015. Antallstatistikk PT-900. Landbruksdirektoratet.

Denne variasjonen kjem blant anna av dei naturgjevne forholda. I nokon kommunar er mykje av jorda relativt enkel å fulldyrke, og blir brukt både til vinterfôr og beite. Andre kommunar har ei lisside mellom dyrka marka i bygda og fjellet som er for bratt å dyrke og tradisjonelt har vore nytta til beite. Andre stader kan det vere mykje stor stein som gjer det vanskeleg å fulldyrke. Fleire kommunar satsa på dyrking i fjellet for å auke vinterfôrproduksjonen. Mange stader i Oppland er det også svært gode utmarksbeite, og det er derfor fornuftig å sende dyra på utmark i staden for å opparbeide innmarksbeite.


3.2.2 Dyreslag

Figur 4 og 5 viser tal dyr det vart søkt produksjonstilskot for i 2016 i dei 17 kommunane. Tal søyer er tre gongar større enn det som er vist, for å få til lesbare figurar. Gausdal, Lesja og Ringebu har mest av både mjølkeku, sau og ammeku. Nord-Fron, Sør-Fron og Øyer har mykje ammeku. Sør-Fron er også ein stor sauekommune.



Figur 4: Tal Søyer (33%), mjølkekyr og ammekyr i 17 kommunar. Sortert etter kommune med flest mjølkekyr. Tal frå søknadar om produksjonstilskot 31.07.2016.

I figur 5 er det lagt til arealet av innmarksbeite, i tillegg til dyretal av mjølkeku og vaksen sau, samt tal mjølkekyr og ammekyr på utmarksbeite i minst 5 veker. Tal sau på utmarksbeite er ikkje vist då det er så godt som heilt likt tal sau. Dyr beiter både på dyrka mark, på innmarksbeite og i utmark, i større eller mindre grad, alt ettersom kva arealressursar som fins og korleis ein har lagt opp drifta på den enkelte garden. Figur 5 viser at Lom har mange kyr på utmarksbeite, berre slått av Gausdal. Lom er ein kommune med lite grovfôrareal der utmarka må nyttast for å oppretthalde dyretalet.




Figur 5: Tal dyr i 17 kommunar: Søyer (33%), mjølkekyr, kyr på utmarksbeite i minst 5 veker (mjølkekyr og ammekyr) og areal innmarksbeite. Sortert etter kommune med mest innmarksbeite. Dyretal frå søknadar om produksjonstilskot 31.07.2016. Areal innmarksbeite 31.07.2015.

3.2.3 Endring i areal innmarksbeite 1995-2015

Det er interessant å sjå på utviklinga over år. Figur 6 viser areal innmarksbeite det er søkt tilskot for i tre utvalde år frå 1995 til 2015. I statistikken frå Landbruksdirektoratet/Statens landbruksforvaltning er det første året med tilgjengelege data 1995. Figur 7-9 viser samme perioden men med tal frå kvart femte år. Arealet med innmarksbeite har auka etter 1995 over heile landet pga omlegginga til tilskot per areal og tal dyr. Auken kom i stor grad ved at beiteareal i utmark vart gjort om til innmarksbeite (Søyland m.fl. 2002). At det i 1998 ikkje lenger var krav til gjødsling gjorde at det kunne søkast tilskot for meir ekstensive beiteareal.

Statens landbruksforvaltning (2006) foreslo å regionalisere tilskotet, og stimulere til beiting i utvalte område helst i utmark. Dette burde gjerast fordi det var for få beitedyr til å hindre gjengroinga av landskapet. Både denne og seinare rapportar (Hegrenes m.fl. 2012) poengterer at arealet med innmarksbeite har auka utan at tal dyr som beiter har auka.




Figur 6: Areal innmarksbeite i 17 kommunar i Oppland. Tal frå søknadar om produksjonstilskot 31.07.1995, 2005,2015. Antallstatistikk PT-900. Landbruksdirektoratet.

Figurane 7-9 viser at det er ein auke i areal innmarksbeite sidan 1995. Denne auken er som oftast litt over ei dobling sidan 1995. Etter 2010 har arealet stort sett stabilisert seg, men med nokre unntak.


Ei endring av areal innmarksbeite frå eit år til eit anna er summen av areal som går ut og areal som kjem til. Mykje av nedgangen av areal kjem av at bruk som legg ned drifta ikkje vil eller får leigd bort beitet til nokon som søker produksjonstilskot. På sikt vil dette beitet da gro att og til slutt bli omklassifisert til skog. Nedgangen kan også komme av at beitet blir dyrka opp. Auke i arealet av innmarksbeite kan komme av at oppdyrka jordbruksmark har grodd til så mykje at maskinell hausting ikkje er muleg og har blitt omklassifisert til beite. Det kan også vere rydding av attgrodd beitemark eller hogst av skog som aukar arealet beite.

Nibio har ansvaret for arealressurskarta, og har for enkelte kommunar gjort endringanalyser som beskriv kva markslag som har endra seg til innmarksbeite og vise versa. For Ringebu kommune har dei registrert at frå 2004 til 2014 har 700 dekar med skog endra seg til innmarksbeite. I samme periode har 300 dekar innmarksbeite vorte omregistrert til skog pga gjengroing (Skog og landskap, 2014).



Figur 7: Areal innmarksbeite i seks kommunar i Nord-Gudbrandsdalen. Tal frå søknadar om produksjonstilskot. Antallstatistikk PT-900. Landbruksdirektoratet.


Figur 7 viser at Dovre og Skjåk har ein liten nedgang i areal innmarksbeite siste femårsperioden. Vågå har sidan 1995 fire-dobla arealet med innmarksbeite og Sel har også stor auke. Grunnen til denne relativt store auken er i følge landbrukskontoret fleire ting. Ein er at då kravet om gjødsling fall bort var det fleire beiteområde som kunne få tilskot. Dette tok litt tid å innarbeide, og auken kom gradvis frå 1995. Det har også vore ein del ryddeprosjekt av historisk beitemark. Arbeidet med digitale gardskart kom også positivt ut for areal innmarksbeite. Dette vart ferdig i 2010 og førte til at om lag 2000 nye dekar fyllte krava for tilskot. Figur 10 viser utviklinga i Sel og Vågå.



Figur 8: Areal innmarksbeite i fem kommunar i midt-og sør Gudbrandssdalen. Tal frå søknadar om produksjonstilskot. Antallstatistikk PT-900. Landbruksdirektoratet.


Kommunane i midt-Gudbrandsdalen samt Øyer og Gausdal er vist i figur 8. Dei har hatt ein auke i innmarksbeitearealet sidan 1995. I Gausdal har det vore hogge ein god del skog som har vorte gjerda

inn og brukt til beite. Dette vart fremma av at hogstavfallet kunne leverast som biobrensel, og ein dermed fekk økonomi til å sette opp gjerde. Det er ein nedgang i areal innmarksbeite i 2015 samanlikna med åra før. I følgje landbrukskontoret må deler av nedgangen ha samband med det periodiske ajourhaldet av AR5 som vart ferdig i 2015. Ein god del areal vart da omklassifisert.



Figur 9: Areal innmarksbeite i dei seks kommunane i Valdres. Tal frå søknadar om produksjonstilskot. Antallstatistikk PT-900. Landbruksdirektoratet.

Kommunane i Valdres, som er vist i figur 9, har også auka i areal innmarksbeite, men dei fleste har ein nedgang i siste femårsperioden. Gardskartprosessen var ferdig i Nord-Aurdal og Vestre Slidre i 2013, og kan forklare nedgangen i areal. Ellers forklarar landbrukskontora det med at det er fleire beite som ikkje lenger blir leigd bort og det derfor ikkje blir søkt tilskot om.



Figur 10: Utvikling areal innmarksbeite i Sel og Vågå. Kjelde: Landbrukskontoret for Sel og Vågå.

3.2.4 Svar frå kommunane om bruken av innmarksbeita

Alle seier at bruken av beita varierer. Frå stort beitetrykk og gjødsling til eit minimum av dyr for å få arealet godkjent. Mykje bratt areal blir ikkje lenger slått men beita, men desse areala beheld som oftast statusen som overflatedyrka jord. Mykje areal gror att, og får mindre tilskot etter kvart som det blir mindre del beitebare vekster. Kostnaden med å hogge er stor og det blir ikkje prioritert dersom det fins nok beite.

I mange kommunar er det rift om arealet, spesielt dyrkamarka. Dette gjeld til dømes i Gausdal, Lesja, Dovre og Lom. I Lom blir det årleg kjøpt inn vinterfôr frå nabokommunane, og eit slikt press på grovfôrarealet gjer at også innmarksbeita blir godt nytta. For sauebruk er nok vårbeite ein flaskehals. For storfebruk har veksten på beita gjerne komme for langt før beiteslepp. Mange stader blir det nemnt på fordelten med sameite med fleire dyreslag, men det har vist seg vanskeleg å få til i praksis.

For sau er det ofte knappheit på beite om våren, og knappheit på kvalitetsbeite om hausten. Spesielt i gode somrar med nok varme og nedbør er det eit problem med kun sau som beitedyr. Beita veks da for mykje medan dyra er på utmarksbeite, og sauene klarer ikkje ta gjenveksten om hausten. Kvaliteten på beitet er da heller ikkje god nok for slaktelam men kan vere bra nok for søyer og livdyr (Todnem og Lunnan 2015). På tørrlendte og bratte beite vil dette vere eit mindre problem.

Fleire nemner utfordring med dårlege gjerde rundt innmarksbeita. At ikkje absolutt alle nemner det er sannsynlegvis fordi dette er ei sjølsagt forutsetning for å bruke beita. Dårlege gjerde kombinert med mange små og fragmenterte areal hindrar god beitebruk. Endå verre er kan hende at dårlege gjerde hindrar utmarksbeiting. Før var det gjerde mellom dyrkamarka i bygda og skogen/heimåsen. Lenger opp var det gjerde som skilte heimåsen og fjellområda. Det var også reglar for når dyra kunne sleppast i heimåsen og på fjellet.

Det er ofte svært vanskeleg og tidkrevande å få gjort noko med gjerde. I Lesja har det vore gjennomført jordskifte for å få satt opp nytt sperregjerde mellom innmark og utmark. Sperregjerdet er organisert i eit eige sperregjerdelag der også grunneigarar utan dyr har andelar.

3.3 Nye innmarksbeite

3.3.1 Inngjerding av utmark

Historisk var den dyrka marka inngjerda medan dyra beita relativt fritt utanfor gjerdet. No er dyra gjerda inne nede i bygda men det er også ein tendens til at dette skjer i utmark. Dette er ikkje for å få nye innmarksbeite men primært for å ha betre kontroll med besetninga. I Vang er det større inngjerdingar i skogsområde nede i bygda for storfe. I Gausdal vestfjell er det lang tradisjon med sperregjerde. I Øystre Slidre er det også inngjerda område i fjellet. Gjerdekostnaden blir delvis dekt av middel frå regionalt miljøprogram (RMP) og beitinga er organisert i beitelag.

3.3.2 Frå skog til beite

Ved rydding av nye innmarksbeite er det viktig at ein brukar område som har potensiale til å bli eit bra beite. Potensialet er bestemt både av naturtypen og av kva tilstand vegetasjonen er i. Ved hogst av skog må ein unngå den fattigaste skogsmarka, som til dømes bærlyngskog og lavskog. Rikare skogsmarkstyper er heller ikkje egna dersom dei er svært tørkeutsatte. Viktige faktorar ein må ta hensyn til er bl.a. lysforhold, feltsjikt, næringsforholda etter hogst og kva artar som vanlegvis etablerer seg i området etter hogst. Hansen og Norderhaug (2003) skriv blant anna om kva ein skal ta hensyn til ved ris- knusing. Det er då viktig å ta omsyn til fuktigheitsforhold og kor mykje grasvekst det er under

buskene. Det beste er å risknuse område der det er einerdominert, men her trengs det meir undersøkingar for å lage ein god rettleiar. Rekdal (2011) har laga ein rettleiar for skjøtsel av fjellbjørkeskog for husdyrbeite. Han skriv blant anna:

Lav- og lyngrik bjørkeskog: Denne typen finn vi på den fattigaste marka. Bjørka vil vera lågvokst, fleirstamma og krokut. Undervegetasjonen vil vera dominert av krekling, røsslyng og tyttebær, og ofte med godt innslag av lavartar. Beiteplanter finst berre spreitt. Her er det lite å hente for beitedyr og dyr vil ikkje beite her så lenge dei har tilgang på betre areal.

Blåbærbjørkeskog: Blir det litt meir næring og vatn i jorda blir bjørka høgare og meir rett-stamma. Undervegetasjonen endrar seg til dominans av blåbær og grasarten smyle. Begge desse er beiteplanter, men ikkje av dei beste. Dette kallar vi eit middels godt beite. Ei fattig utforming av typen kan kjennast ved godt innslag av krekling. Ei friskare utforming har spreidd innslag av skogstorkenebb.

Engbjørkeskog: Dersom det blir godt med næring og vatn i jorda skiftar vegetasjonen igjen inventar. Breiblada gras og urter overtar dominansen i undervegetasjonen. Engbjørkeskogen kan ha ei tørr lågurtutforming eller ei friskare høgstaudeutforming. Spesielt for denne typen er at grasinnhaldet kan bli svært høgt ved sterk beitepåverknad. Dette er frodig mark som vil vera særleg utsett for attgroing ved lågt beitetrykk.

Landbrukskontora oppgir at dei ofte gir råd når det blir anlagt nye innmarksbeite. Dette gjeld i alle fall i dei kommunane der det er eit visst omfang av å gjere om skog til beite, som i Sør-Fron, Ringebu, Sel, Vågå og Gausdal. Det er mest skog – blåbærbjørkeskog, engbjørkeskog og barskog – som blir rydda til beite Ringebu, Sør Fron og Gausdal. I Sel og Vågå er det ein god del område i tilknytning til seterområda som blir rydda.

Mange oppgir også at dei ikkje er involverte i nyanlegg av innmarksbeite, fordi det er lite av det. Inntrykket etter spørjerunda er derfor at landbrukskontora er med som rådgjevarar ved nyanlegg av innmarksbeite. Men at dette først skjer når slik hogst og rydding har fått eit visst omfang i området. Det er elles ikkje noko plikt til å søke om å gjere om skog til beite (Landbruksdirektoratet, ukjent år).

Det er vanleg både å bruke hogstmaskiner og gravemaskin med klyppeaggregat ved anlegg av nye beite. Ved bortsetting av hogsten til entreprenørar hender det at areal blir snaua for mykje. Det kan vere eit problem både med at det blir lite skugge for dyra og fare for uttørking av vegetasjonen dersom jorda er tørkeutsett. I nokon tilfelle blir beitet for bra, dvs at for mykje er hogd og jorda er såpass bearbeida at den blir klassifisert som overflatedyrka i staden for innmarksbeite. Ein mistar då eventuelle SMIL-middel til ryddinga.

Dei aller fleste seier nye beite blir lagt på eigna areal. Det er kun få tilfeller der det enten har vore for tørt eller for vått. Måten det nye beitet blir anlagt og ikkje minst behandlinga i ettertid er derimot svært viktig for korleis kvaliteten på beitet blir. Det aller viktigaste her er at det blir satt på nok dyr på beitet som beiter lauvoppslag medan det er smått. Ofte blir det gjødsla og også sådd til med beitefrøblanding.



Figur 11. Artsrikt innmarksbeite som er svakt beita med sau vår og haust. Med svakt beite blir mykje av vegetasjonen for høgvekst, og det er tendens til gjengroing. Fåvang i Ringebu august 2016. Foto: Kristin Daugstad.

3.3.3 Gjengrodd beitemark

Ein kjem sjeldan unna hogst og rydding for å halde landskapet ope. I prosjektet «Levande stølar og kulturlandskap» (1998-2001) vart det utprøvd ulike former for hogst og tynning for å forbetre beitet, i dette tilfellet fjellbjørkeskog på 850 m.o.h. (Hansen og Norderhaug, 2003). Resultatet viste at det var viktig med nok beitedyr etter rydding slik at den auka beiteproduksjonen vart utnytta utan at daugras og nye lauvoppslag tok overhand. Det var også viktig at det var ein del beitevekster i feltsjiktet før rydding som kan spreie seg i etterkant.

Når eit innmarksbeite er i ferd med å gro att, og dermed står i fare for å miste tilskotet, gir kommunen råd om kva som kan gjerast av tiltak. Nokon prøver først med fleire beitedyr. Ofte er hogst og rydding ikkje til å komme utanom. Det er da viktig at gjerdet blir satt opp eller reparert før ein tek til med hogsten. Elles kjem dyra på for seint og renningane kan fort ta overhand. Det blir brukt SMIL-middel til å gjenopne gamle beiter i dei fleste kommunane.

I Nord-Fron blir det anbefalt ved rydding av gjengrodd beite eller gardsnære skogsområde å så til med beitefrøblanding og deretter sette beitedyr på området i 1-2 veker før dei blir sleppt til fjells. Dyra vil då trakke ned frøet slik at det blir gode spireforhold. Året etter kan det da vere nok kulturgras og

urter til at det oppfyller krava til tilskot som innmarksbeite. Mange innmarksbeite er fornya og utvida med denne metoden.

3.3.4 Biologisk mangfald og innmarksbeite

Inntrykket etter spørjerunda er at biologisk mangfald ikkje er fokuset når det gjeld innmarksbeite. Det fins innmarksbeite rundt i kommunane som er registrert som verdifulle pga stort biologisk mangfald og får tilskot både som innmarksbeite og tilskot frå regionale miljøprogram (RMP). I Skjåk og Lom er det ikkje vanleg å gjødsle innmarksbeita, og der er det fleire verdifulle lokalitetar på innmark enn i dei andre kommunane. Den største delen innmarksbeite er nok likevel av meir artsfattig type, spesielt dei som blir gjødsla. Innmarksbeite kan også innehalde stort genetisk mangfald av vanlege grasartar, sjøl om dei er relativt artsfattige (Daugstad, 2012).

Mange innmarksbeite er variable, og inneheld både berg i dagen, skog og kratt. Dette gir eit potensiale for mange ulike artar og plantesamfunn. Mykje av skogen i Norge har i tidlegare tider vore beita og det kan enno finnast spor av typisk beitevegetasjon. Slike område er svært aktuelle når ein skal rydde nye beite. Gardsnære beiteareal er ein viktig fôrressurs, betyr mykje for det biologiske mangfaldet og er viktig for totalopplevinga av bygdelandskapet (Rekdal, 2010).

Det er svært viktig at ein ser på kva som er registrert av artsrike område ved nyanlegg av innmarksbeite. Spesielt dersom ein anbefaler gjødsling og såing. Dersom det blir meir rydding av gardsnære beite i til dømes heimåsen bør ein vere spesielt på utkikk etter restar av historiske slätte og beitemarker. Kartlegging av biologisk mangfald har vore gjort mange stader, men den vil aldri bli fullstendig.

4 Eksempel innmarksbeite



Figur 12. Utmarksbeite med sterkt beitepreg. Attgroing med gran og einer. Steinsetbygda i Etnedal, juli 2016.
Foto: Kristin Daugstad.



Figur 13. Svært artsrikt ugjødsla innmarksbeite med god avbeiting med sau vår og haust. Her veks det vanlege gras samt bergmynte, bakkemynte og dragehode. Svært lite problemartar. Kvikne i Nord-Fron, august 2016. Foto: Kristin Daugstad.



Figur 14. Attgrodd historisk beitemark som er rydda for skog, men der hogstavfallet ikkje er fjerna. Steinsetbygda i Etnedal, september 2016. Foto: Kristin Daugstad.



Figur 15. Eit typisk innmarksbeite kan sjå slik ut som dette i Vågå. Beitet er svakt gjødsla og beita med sau vår og haust, og også storfe på sommaren. Her veks det både sølvbunke, rapp, engkvein og ulike urter. Det er også eit stort innslag av stein i dagen samt bjørk og einer. August 2013. Foto: Jørgen Todnem.



Figur 16. Sølvbunke blir også bra beita. Dette sølvbunkedominerte innmarksbeitet er gjødsla, og beita med både storfe og hest. Ovanfor det gjødsla beitet er det eit nyleg gjenopna beite. Vågå, september 2014. Foto: Jørgen Todnem.



Figur 17. Tørt og næringsrikt innmarksbeite, litt gjødsla og beita med sau vår og haust. Midt på sommaren var beitet omtrent nedsvidd, men kom fint att om hausten. Her veks det blant anna rapp, engkvein, gulaks og ulike urter. Vågå, august 2014. Foto: Jørgen Todnem.



Figur 18. Innmarksbeite med for lavt beitetrykk for å oppretthalde fôrkvaliteten. Området er beita både med sau og storfe og dominert av sølvbunke. Vågå, september 2014. Foto: Jørgen Todnem.

Litteratur

- Bjørndal, I. 2007. Markslagsklassifikasjon i økonomisk kartverk. Håndbok frå Skog og landskap 01/2007.
- Daugstad, K. 2013. Genetiske ressursar i engvekstene. In-situ bevaring av kunstmarkseng. Bioforsk Rapport Vol. 8 Nr. 27. 33 s.
- Hansen, S. og Norderhaug, A. 2003. Restaureringsforsøk i et gjengroende seterlandskap. I: Austad, I., Hamre, L.J., og Ådland, E. (red), *Gjengroing av kulturmark*. Rapport frå nordisk forskerseminar i Sogndal 15.-18. september 2001. Bergens Museums skrifter nr. 15, s.111-118.
- Hegrenes, A., Hval, J.N., Asheim, L.J. og Svennerud, M. 2012. Fleire dyr på sommerbeite? NILF- notat 2012-7.
- Landbruksdirektoratet xxxx. Foryngelsesplikt og omdisponering av skogareal til beite. Retningslinjer. 10 s.
- Landbruksdirektoratet. 2015. Produksjonstilskudd i jordbruket. Infobrev_pt_aug2015_BM_1.0.
- Lerfald, M., Lien, G., Alnes, P.K., Sand, R., Folstad, K.S. og S.K.P.Rye. 2012. Verdiskaping i Landbruk og landbruksbasert virksomhet i Oppland. NILF-rapport 2012-1. 152 s.
- Meld.St. 11 (2016-2017). Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon. Landbruks-og matdepartementet.
- Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. og M. Kvamme. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget. 252 s.
- Rekdal, Y. 2012. Innmarksbeite. Versjon 2.0. Skog og landskap, 01.05.2012. Notat 23 s.
- Rekdal, Y. 2011. Skjøtsel av fjellbjørkeskog. Skog og landskap.
- Rekdal, Y. 2010. Ta vare på dei gardsnære beiteareala. Sau og Geit nr 2/2010. s 58-60.
- Skog og landskap. 2014. Arealbarometer for Ringebu.
<http://www.skogoglandskap.no/temaer/arealbarometer>
- Statens landbruksforvaltning. 2006. Areal- og beitetilskudd. Målretting for å bevare kulturlandskapet og hindre gjengroing. Rapportnr 13/2005.
- Søyland, V., Forsell, L. og Nersten, N.K. FOLA 2002: Landbrukspolitikk – forenkling og målretting. Nilf-rapport 2002-1. 280 s.
- Todnem, J. & T. Lunnan. 2015. Innmarksbeite — aktuell beitetype til lam på ettersommer/høst? Bioforsk Rapport vol.10 nr 51 2015. 16 s.

VEDLEGG

Spørjeskjema landbrukskontor

NIBIO har fått støtte frå Fylkesmannen i Oppland for å sjå på bruken av gamle og nye innmarksbeite (arealkode 212 i søknad om produksjonstilskot). Bakgrunnen er at landbruket endrar seg mot større og færre besetningar, og store besetningar krev større beiteressursar. Dette fører til at enkelte område i Oppland blir intensivert medan andre blir ekstensivert. I den samanhengen treng me meir kunnskap om aktuell bruk av innmarksbeite. Det me vil finne ut meir om er korleis innmarksbeita blir brukt, og om kvaliteten på nye innmarksbeite blir god. Dessutan om det trengs meir kunnskap om korleis ein går fram ved etablering av nye beite og om det er problem med godkjenningmetoden av beite.

Dette arbeidet treng me hjelp til. Det er tre tema me ønsker meir kunnskap om, men først må me vite litt om situasjonen innan husdyrhald, grovfôrproduksjon, beite og spesielt innmarksbeite i din kommune/ditt område. Derfor er det fint om du skriv nokre linjer om korleis presset på areal er, er det vanskeleg å skaffe seg gardsnært beite etc, eller i motsatt fall er det vanskeleg å få leigd ut jord og beite for å hindre gjengroing. Kva er flaskehalsane i beitebruk slik de ser det?

Tema 1: Status innmarksbeite

Kva inntrykk har de av kvaliteten på innmarksbeita og korleis dei blir drevne? Med drift meiner me dyreslag og tal dyr samt beiteperiode. Blir det jamnleg rydda eller utført andre skjøtselstiltak på innmarksbeita? Blir dei gjødsla? Er det mange beite som har stort biologisk mangfald, og eventuelt får/eller burde få tilskot for det? Er det stor forskjell på beita så prøv å beskrive det heller enn å prøve finne eit slags «gjennomsnittsbeite». Har de eksempel de kan trekke fram som det er verdt at me ser på for å lære av? I kva grad er landbrukskontoret involvert i spørsmål om bruk av innmarksbeite og beite generelt?

Tema 2: Nye innmarksbeite.

I kva område blir nye innmarksbeite etablert? I kva vegetasjonstyper blir nye innmarksbeite etablert? Er desse områda/vegetasjonstypene egna/uegna etter dykkar meining? På kva måte blir nye innmarksbeite etablert? Rydding av skog og kratt? Drenering av forsumpa mark? Ekstensivering av dyrkamark? Anna? Blir resultatet som ønska? Har de eksempel de kan trekke fram som det er verdt at me ser på for å lære av? I kva grad er landbrukskontoret involvert når «nye» område skal takast i bruk som innmarksbeite?

Tema 3: Godkjenning av innmarksbeite for produksjonstilskot (Bjørndal,2007 og Rekdal,2012)

- Kor nøye er de med å bestemme artane som veks i beitet? Kor lett/vanskeleg er det å bestemme artane? Kor lett/vanskeleg er det å bestemme om det er meir enn 50 % godkjente artar? Har de ein snedig metode for dette? Er det nokon artar de synes skulle vore godkjente/ikkje godkjente?
- Korleis vurderer de «kulturpreget»? Kva legg de i begrepet?
- I kor stor grad legg de vekt på at arealet ikkje skal kunne haustast maskinelt?
- Kva metode brukar de til å avgrense arealet? Flyfoto? Skjønn? Er det vanskeleg å vurdere om det er meir eller mindre 50 % beite? Korleis får de sett eit arealtal på større beiteområde med mykje som ikkje er «beitbart»? Dette kan vere store område med mykje berg i dagen eller ikkje beita artar, men med «lommer» av beite. Kva er vanskelegast å skille frå beitet, er det berg i dagen? Skog? Forsumpa område? etc
- Blir det anlagt beite der det bevisst ikkje blir søkt om tilskot for innmarksbeite? Dette kan til dømes vere inngjerda utmark
- Tiltrår de skjøtsel som hogst/rydding eller grøfting for at arealet skal oppretthalde statusen som innmarksbeite?

NOTATER

NOTATER

NOTATER

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.